

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 54/2003

Møtedato: 5.11.03

Arkiv nr:

GRUNNEIGARFONDET – SØKNAD FRÅ NORSKE BYGDEOPPLEVELSER OM TILSKOT

Norske Bygdeopplevelser as søker Grunneigarfondet om kr 30.000 i tilskot til profilering av sykkelturisme i området Vaset/Nøsen/Syndin. Norske Bygdeopplevelser har eit budsjett til marknadsføring/profilering i 2004 på kr 215.000 for den nordiske marknaden og kr 85.000 for marknaden utanom Norden. Samla marknadsbudsjett på kr 300.000.

Finansiering er avhengig av tilskot frå overnattingsbedrifter, destinasjonsselskap, kommunar m.fl. Fjellstyret er også oppfordra til å støtte tiltaket økonomisk.

Fjellstyret skal gi uttale til søknaden før vidare saksgang i Statskog og NFS.

Norske Bygdeopplevelser hadde tilsvarande søknad siste år som fjellstyret tilrådde i sak 93/02. Denne søknaden vart avslegen fordi søkjaren ikkje hadde avslutta eit anna prosjekt som var støtta med tilskot frå grunneigarfondet.

Arbeidet som Norske Bygdeopplevelser har gjort med sykkelturisme gir god marknadsføring av Vestre Slidre statsallmenning og gir store ringverknader for lokalt næringsliv.

VEDTAK:

Fjellstyret ser svært positivt på tiltaket og tilrår søknaden om støtte frå Grunneigarfondet.

Ut frå dei store ringverknadane tiltaket har for lokalt næringsliv, finn fjellstyret å gi eit tilskot på kr 2000.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.11.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Norske Bygdeopplevelser, Postboks 373, 2602 Lillehammer
Statskog
NFS